

---

Saksnr: 2020/75922-2  
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne,  
David Sandved

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

**Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden**

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.

**Samandrag**

Nærøyfjorden verdsarvpark og Aurland Kjøle- og Fruktlager SA har utarbeidd eit forprosjekt for etablering av eit autorisert verdsarvsenter på Aurlandsvengen. Planen er å transformere eksisterande bygg til Aurland Kjøle- og Fruktlager SA til eit verdsarvsenter. I tillegg til senteret er det tenkt at bygningen innehalde verksemda til Aurland Kjøle- og Fruktlager SA, samt andre lokale verksemdar knytt til verdsarven, kontorlokale, sal av lokalproduserte varer og tenester. I forprosjektet har dei hatt ei brei forankring lokalt og med verdsarvkommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Forprosjektet er no oversendt Vestland fylkeskommune for å få ei politisk forankring av arbeidet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Norge har åtte stadar innskripe på Unesco si verdsarvliste og tre av desse, Urnes stavkyrkje, Bryggen i Bergen og Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, ligg i Vestland fylke. Vestnorsk fjordlandskap vart skrive inn på verdsarvlista i 2005 som eit naturområde. Verdsarvområdet består av dei to delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Området i Nærøyfjorden omfattar areal i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss.

I 2017 bestemte regjeringa at alle verdsarvstadane skulle ha eit autorisert verdsarvsenter og dei laga ein plan for etableringa av dette. Planen gjeld for ein periode på 10 år frå 2017 til 2026. Ordninga er etter same modell som for besøkssentera for naturinformasjon, og frå 2017 vart det etablert ei felles autorisasjonsordning der besøkssenter for verdsarven går inn saman med dei andre besøkssentera. I autorisasjonsordninga skal det som hovudregel kun skal vere eit autorisert verdsarvsenter for kvart verdsarvområde. Men for verdsarvområda som består av fleire delområde med stor geografisk avstand og høgt besøkstal, kan det unntaksvis autoriserast fleire verdsarvsentre. Plan for prioriteringar i arbeidet med å etablere verdsarvsentre ved dei norske verdsarvstadane går fram av vedlegg 2.

Føremålet med verdsarvsentera er å legge til rette for informasjon om verdsarvkonvensjonen og aktivitetar knytt til å oppleve verdsarven gjennom lokale besøkssenter. I tillegg skal sentera gjennom si verksemd bidra til lokal forankring av verdsarven. For meir informasjon om krav til eit autorisert verdsarvsenter sjå punkt. 10.4 Verdensarv i *Retningsliner for autorisasjon og re- autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark, våtmark, rovdyr, villrein og verdensarv i Norge*, vedlegg 3.

I dag er fyljande 6 verdsarvsenter autoriserte: Bergkunsten i Alta, Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden, Vegaøyan, Røros bergstad og Circumferensen, industriarven Rjukan-Notodden og Urnes stavkyrkje. For Industriarven Rjukan-Notodden, som har ein stor geografisk utstrekning, er det lokalisert to autoriserte verdsarvsenter. Bryggen i Bergen og Struves meridianbue er dei to verdsarvstadane som i dag ikkje har eit autorisert verdsarvsenter. I tillegg manglar Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden eit eige verdsarvsenter.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har lenge arbeidd for etablering av eit verdsarvsenter i Nærøyfjorden. Behovet for eit verdsarvsenter i Nærøyfjorden vart handsama i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (sak VF 10/1) der det vart gjort vedtak om ei oppmoding til verdsarvkommunane i Nærøyfjordområdet om å samle seg om eit felles initiativ for utvikling av eit Verdsarvsenter for Nærøyfjorden. I 2019 fekk Nærøyfjorden Verdsarvpark utarbeidd rapporten *Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden* (vedlegg 4) som utgreier marknadsgrunnlag, aktuelle lokasjonar, tilbakemelding frå interessentar og kommunane, samt gjev tilrådingar til vidare arbeid. Rapporten utgreier sju ulike lokaliseringar av eit mogleg verdsarvsenter og rår til at det vert arbeidd vidare med Aurland Kjøle- og Fruktlager. Parkstyret gjorde i sak 13/19 vedtak om at dei slutta seg til tilrådingane og prioriteringane i denne rapporten, vedlegg 5. Vedtaket til Parkstyret har blitt fylgt opp og Nærøyfjorden Verdsarvpark har i samarbeid med Aurland Kjøle- og Fruktlager SA utarbeidd vedlagte forprosjekt for verdsarvsenter på Aurlandsvangen. Forprosjektet vart presentert for Verdsarvrådet i deira møte i juni 2020 der dei i sak VF 10/20 (vedlegg 6) fekk ei orientering om status og framdrift i høve forprosjektet Verdsarvsenter i Nærøyfjorden. Rådet var svært positivt til at det var etablert eit godt samarbeid og grunnlag for etableringa av eit verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet, og tok orienteringa til vitande.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har no sendt forprosjektet til Vestland fylkeskommune for å forankre prosjektet hjå fylkeskommunen.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet si mynde til å gje fråsegn om aktuelle saker og tema på vegne av Vestland fylkeskommune er heimla i Reglement for folkevalde organ. Reglement for Fylkesutvalet pkt. 6. Fråsegn.

### Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen har gått igjennom forprosjektet og er positiv til planane for eit autorisert verdsarvsenter slik det ligg føre. Eit verdsarvsenter plassert på Aurlandsvangen vil vere lett tilgjengeleg for dei mange besøkande i området og det vil famne om fleire verksemdar som saman vil vere med å aktivisere området der senteret er lokalisert. Senteret vil ligge like ved grensa til verdsarvområdet, og har panoramautsikt inn i verdsarven som byrjar ved fjorden. Vidare vil

planane med å bruke eksisterande bygning til Aurland Kjøle- og Fruktlager SA og transformering av denne til eit verdsarvsenter etter fylkesrådmannen si vurdering vere ei god løysing i eit klimaperspektiv, då gjenbruk av eksisterande bygningar gjev ein høgare klimagevinst enn å rive og bygge nytt.

Forprosjektet slik det ligg føre har greidd godt ut dei fysiske rammene rundt eit verdsarvsenter. For at senteret skal få ein autorisasjon vil det og vere nødvendig å arbeide vidare med innhalds- og formidlingsdelen som senteret skal tilby dei besøkande. Fylkesrådmannen går difor ut frå at dette vert utgreidd i neste fase av prosjektet.

#### **Økonomi:**

Dei autoriserte verdsarvsentra vert ikkje oppretta etter nokon fast modell og statleg grunntilskot vil differensierast etter storleik og funksjon. Autorisasjonen bygger på ein føresetnad om at staten forpliktar seg til å finansiere inntil 60% av funksjonar og oppgåver knytt til drift. Det statlege grunntilskotet er avgrensa til 1 800 000,- kr pr. senter og føreset 40 % medfinansiering frå lokale og/eller regionale aktørar og/eller inntening på anna måte. I særskilde tilfelle vert det gjeve støtte til etablering av verdsarvsentre med omsyn til infrastruktur, ombygging av lokale med meir.

Nærøyfjorden verdsarvspark har i 2019 utgreidd marknadsgrunnlaget for eit verdsarvsenter i rapporten *Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden*, jf. vedlegg 2. Rapporten ser på trafikkstraumen i området og samanliknar det med verdsarvsentera i Geiranger (35 000 besøkande) og på Rjukan/Notodden (74 000 besøkande). På bakgrunn av gjeste- og trafikkstraumen i Nærøyfjordområdet vert det forventat at det vil vere mogleg å oppnå tilsvarande besøkstal ved eit verdsarvsenter i Nærøyfjordområdet.

Sjølv om det er eit godt potensial for eigeninntening i eit besøkssenter på Aurlandsvangen, forventar fylkesrådmannen at Vestland fylkeskommune på eit seinare tidspunkt vil få søknad om tilskot til etablering og drift av eit verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Dette må handsamast for seg, og denne saka inneber difor ingen økonomiske forpliktingar for Vestland fylkeskommune.

#### **Klima:**

Prosjektet er planlagt som transformasjon av eksisterande bygning framfor å rive og bygge nytt. I SINTEF sin rapport *Grønt er ikke bare en farge - Bærekraftige bygninger eksisterer allereie*, utført på oppdrag av Riksantikvaren, vert det vist til at det er store miljømessige gevinstar ved å oppgradering av eksisterande bygningar samanlikna med nybygging då utsleppa ved rehabilitering kun utgjer opptil halvparten av utsleppa ved nybygg. Ein av hovudkonklusjonane i rapporten er at det er eit stort unytta potensial for miljøgevinstar i den eksisterande bygningsmassen. Dersom det er mogleg bør rehabilitering prioriterast framfor riving og oppføring av nye bygningar. Dette vil vere i tråd med nasjonale og internasjonale klimamål.

Forprosjektet til verdsarvsenter i Nærøyfjorden er eit prosjekt som tek utgangspunkt i å vere berekraftig i eit miljøperspektiv. Dette med utgangspunkt i å nytte eit eksisterande bygg og tilpasse det til ny bruk. I tillegg legg det vekt på å finne klimabalanserte løysingar i forhold til oppvarming og ventilasjon.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Verdsarvsenteret i Nærøyfjorden, slik det er planlagt i forprosjektet, er i tråd med FN sine berekraftsmål og Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan. Vidare vil etablering av eit verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vil vere i tråd med hovudmål 1 og 2 i «Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027»

- Hovudmål 1: Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Hovudmål 2: Fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kulturelle kraftsenter.

I pkt. 8.1.2.2 Kulturminne vert det mellom anna presisert at Sogn og Fjordane vil:

- Sikre berekraftig og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi.
- Utvikle verdsarvområda som kulturelle kraftsenter
- Nytte kulturarven aktivt i næringsssamanheng

I «Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 har ein fyljande målsetjing for innsatsområde verdsarv, mål 1: «Forvaltninga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal

forankring.» I handlingsplanen er målsetninga konkretisert i tiltak B «Etablere verdsarvsenter på Bryggen» og tiltak D «Utvikle verdsarven som ressurs for reiseliv og friluftsopplevingar»

Forprosjektet slik det ligg føre vil bidra til å oppnå måla i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 samt måla i både «Kultur for alle, Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027» og «Premiss Kultur, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» ved at det vil styrkje lokalsamfunnet, bidra med formidling og kunnskap om verdsarven og bidra til lokal verdiskaping og lokale møteplassar.

#### Konklusjon

Då forprosjektet er i tråd med målsetjingane i dei fylkeskommunale planverktøya som vil bidra til å styrke både verdsarven og lokalsamfunnet, vurderer fylkesrådmannen forprosjektet til å vere positivt for Vestland fylke. Vestland fylke er det fylket med flest verdsarvstadar i Norge og fylkesrådmannen ser det som viktig at potensialet i dei vert utvikla på ein god og berekraftig måte, noko eit autorisert verdsarvsenter i Nærøyfjorden vil bidra til.